


# Prosjektering av veg på Rylandshøgda i Meland kommune


Meland kommune ønsker å få konsulentbistand til å utarbeide vegteikningar for områdeplan for Rylandshøgda. Rylandshøgda ligg i Meland kommune like nord for Bergen. Kommunen har omkring 8000 innbyggjarar, og Rylandshøgda er ein del av nærsenteret Rossland. Kommunesenter er Frekhaug.



Område er vist med raud ring i kartet over

## Planprosess


Målet for reguleringsarbeidet er å leggje til rette for utvikling av områdesenteret Rossland/Vikebø sentrum. Innanfor planområdet skal det regulerast for bustader ved etablering av nye bustadfelt og fortetting av eksisterande bustadområde. I områdereguleringa vil det vera særleg fokus på løysningar for infrastruktur, felles friareal, rammer for utbygging og oppdeling av utbyggingsområder med rekkjefølgjekrav.



Kart over planområdet. Områdets storleik er omlag 295 dekar

Over: Plangrense for områdeplan for Rylandshøgda med kommuneplanens arealdel som underlag


Kommunen ynskjer å få teikna ut infrastruktur for gåande, syklande og køyrande i planområdet i tråd med skissa under. I all hovudsak er det ynskjeleg å få regulert ei oppgradering av fylkesveg 248 Eikelandsvegen, adkomstvegar (nokan stader med fortau) til etablerte og nye bustadområde og separert gang- og sykkelveg frå Leirdalen idrettsanlegg til Rossland skule. Me ynskjer også å få regulert ein parkeringsplass til friområdet Rylandsneset.




Utkast av områdeplan med påteikna skisse for infrastruktur

### Anna pågåande arbeid i planområdet

Statens vegvesen arbeider med reguleringsplan for FV 564 frå Fløksand til Vikebø, som er einaste tilkomstveg frå Rylandshøgda til Frekhaug. Formålet med planen er å trafikksikre vegen ved å etablere einsarta vegstandard med tilhøyrande gang- og sykkelveg. Vegen skal utbetras etter U-HØ2 Øvrige hovedveger, ÅDT 1 500 – 4 000 og fartsgrense 60 km/t jf. handbok N100. Det er ikkje meldt oppstart av dette arbeidet, men framlegg til plangrense er vist under. Plangrensa overlappar med grensa for område-reguleringa, og det er difor avtalt med Statens vegvesen at dei regulerar kryss med naudsynt omland mellom Fv 564 og Fv 248, sjå skisse under.



Skisse utarbeida av SVV som viser omtrentleg overlapping av reguleringa av Fv 248 i planområdet.



Statens vegvesen sitt framlegg til plangrense for Fv 564 Fløksand – Vikebø. Rylandshøgda ligg heilt nordvest på kartet

Dykkar firma er med dette invitert til å koma med eit pristilbod på dette arbeidet.

Leveranse: Lengde- og tverrprofil av veg, der tverrprofil syner fordeling mellom kjørebane, gåande, syklande og anna vegareal (skjæring, fylling murer mm). Senterlinje med skjæringsutfall skal leveras i sosi-format med korrekt arealformål, frisktlinjer mm til bruk i plankart (med forbehold om at denne lista inneheld alt me treng for å ha grunnlag for å gå vidare med planarbeidet).

Me ynskjer også at de gjer eit overslag på kva tid det ferdige materialet kan leverast. Det vil truleg vera naudsynt med to møter som ein del av oppdraget. Ved spørsmål kan underteikna kontaktast

Beste helsing

**Alexander Helle**

Arkitekt/planleggjar Meland kommune

[Alexander.helle@meland.kommune.no](mailto:Alexander.helle@meland.kommune.no)

Tlf: 56 17 11 74